

***aktiv og utoverretta...
for eit tradisjonsrikt kulturfelt...
– med moderne arbeidsmetodar****



– dette er NFD



*) Georg Arnestad i Evaluering av Norsk Folkemusikk- og Danselag for Norsk kulturråd, 2005

NFD styrkjer norsk kultur og sjølvrespekt gjennom å arbeide for å halde oppe dei ubrotne folkemusikk- og bygdedans-tradisjonane i Noreg, og å fremje norsk folkemusikk og bygdedans som **fullverdige kunstformer** – på lik linje med andre kunstnarlege uttrykksformer

Den munnlege tradisjonsformidlinga er avgjerande for å oppretthalde, vidareføra og utvikle den tradisjonelle folkemusikken og dansen i Noreg. Auka status til desse kunstformene, som er grunnsteinar i norsk kunstliv, er avgjerande for vilkåra for heile sektoren, og for sjølvrespekten til dei som bur i dette landet!

NFD arbeider for å få *fleire og betre møtestader* der den levande musikken og dansen kan dyrkast og nytast i møte mellom

- > publikum og utøvarar;
- > spelemenn og dansarar;
- > gamle og unge;

og slik at fleire får kjennskap til og blir glade i desse kunstformene.

NFD er initiativtakar til etablering av Riksscene for folkemusikk og folkedans, NFD arrangerer ÅRINN internasjonal festival for tradisjonell folkemusikk og folkedans for fyrste gang hausten 2005, og NFD er med på å utvikle Den norske Folkemusikkscena som nettverk av arrangørstader saman med Landslaget for Spelemenn, - tre viktige og framtidsretta tiltak for å gje publikum fleire og betre opplevingar, gjere folkemusikken og folkedansen meir tilgjengeleg og kjent, samtidig som utøvarane får fleire oppdrag og betre arenaer for kunstnarleg utvikling!

NFD arbeider med å styrkje *dei profesjonelle utøvarane* sine faglege, økonomiske, sosiale og kunstnarlege interesser. Di fleire utøvarar som kan leva av spelet, songen og dansen, di sterkare står tradisjonane i Noreg og di betre rusta står desse kunstuttrykka seg mot multinasjonal underholdningsindustri. Då blir det blir meir å strekkje seg etter for alle som driv med folkemusikk og -dans.

NFD driv Norsk folkemusikkformidling og arbeider med marknadsføring og formidling av utøvarar innanlands og utanlands, NFD er rettshavarorganisasjon i GRAMO, NFD set opphavsrett og tradisjonsberarar på dagsordenen, - og NFD arbeider tett saman med MFO og andre organisasjonar nasjonalt og internasjonalt for å styrkje dei profesjonelle utøvarane si stilling!

*Napp ut midtsida, fyll ut innmeldingsskjemaet,
legg i posten (porto er betalt)*

> og bli medlem!

*...for det er ikkje slik at **NFD** berre er for
hardingfelefundamentalistar busett i
Midt-Telemark, og at du må
hata trekkspelmusikk for å bli medlem...*

NFD motarbeider verken k ntri eller gammaldans, og ynskjer ikkje forbod mot   spele rock'n roll verken p  hardingfele eller seljefl yte. Men   fremja slike musikkuttrykk ligg ikkje innanfor NFD sitt form l – det f r andre ta seg av.

Norsk Folkemusikkformidling

*er oppretta av **NFD** for å gje fleire folkemusikk-utøvarar og dansarar høve til å **leva av songen, spelet og dansen sin**. Med alle dei unge og dyktige utøvarane som nå fossar fram ser NFD det som ei viktig oppgåve å leggja til rette for ei best mogleg framtid for desse.*

Norsk Folkemusikkformidling

- driv Norsk Folkemusikkatalog (i samarbeid med LfS),
- arbeider med marknadsføring og formidling som gjer at fleire arrangørar tek i bruk norsk folkemusikk og dans både i Noreg og i utlandet,
- har ansvar for utviklinga av Riksscene for folkemusikk og folkedans,
- og Norsk Folkemusikkformidling har stått sentralt i etableringa av INTROfolk, eit nytt lanseringsprogram for unge utøvarar i samarbeid med Folkemusikkscena, Rikskonsertane og ni festivalar.

”

Med relativt små ressursar, hardt, målmedvete og strategisk klart retta arbeid har organisasjonen ikkje berre lykkast å stå fram som den mest profilerte organisasjonen innanfor det norske folkemusikk- og folkedansfeltet. NFD må få ein god del av æra for at dette feltet har fått ein tydligare plass på den kulturpolitiske dagsorden. Det er dessutan eit faktum at NFD, folkemusikkens Bellona, ”enfant terrible”, uekte barn eller kva for karakteristikk vi skal bruke, er den organisasjonen som i sterkast grad har lagt vekt på og lykkast med å få organisasjonane på feltet til å gå saman om, utvikle og delvis få realisert viktige fellestiltak.”

”Organisasjonen har (..) gjort ein imponerende jobb for eit viktig område innanfor norsk kulturliv som i mange år i hovudsak levde sitt eige isolerte liv utanfor kulturpolitikken og utanfor offentligheten ”

- meiner Georg Arnestad i Evaluering av Norsk Folkemusikk- og Danselag for Norsk kulturråd, 2005.

*Kva betaler du?
Kva får du?
Kva mister du?*

Om du melder deg inn i Norsk Folkemusikk- og Danselag, betaler du

- hovudmedlem: 200,- kroner pr år
- ungdomsmedlem (under 25 år): 150,- kroner pr år

(sjå innmeldingsskjemaet)

Då får du Årbok for norsk folkemusikk 2005 og fagbladet Kvinten – og er du rask med å melde deg inn får du presentasjonsplata folkogdans.no VOL3. Som medlem i NFD får du også hjelp i spørsmål om kontraktar, skatt og opphavsrett, og du får vera med på å støtta og påverka NFD sitt arbeid.

– og så mister du kanskje **eit par fordommar** om oss...

Folkemusikken og folkedansen i Noreg treng NFD som aktiv og pågåande initiativtakar, premiss-leverandør og vaktbikkje. Med deg som medlem blir NFD betre i stand til å fylla denne rolla.

NORSK FOLKEMUSIKK- OG DANSELAG
LANDSLAG FOR SLÄTTESPEL, KVEDING OG BYGDEDANS

adresse: Kirkegaten 20, P.b. 440, 0103 Oslo

web: www.nfd.no | e-post: nfd@folkogdans.no | tf: 22 00 56 90

© NFD etter Ola Ompagnuten

